



**Uskedelingen Jan Eik har no slutta etter eit langt liv som bakar. Eitt av dei brøda han baka var det spesielle uskedalsbrødet, som slo godt an. I eit stort intervju i Kvinnheringen opplysar han at bakeriet ikkje som planlagd vert overteke av sonen Frode men av brørne John og Kjell Tofte og Asbjørn Aksdal. Bakeriet ligg i Teigen.**

Jan har baka sidan 1967 då han vart lærling i Sætre Bakeri i heimbygda. Neste arbeidsstad etter 2 år var A. Svela Bakeri på Sunde. Då Svela og Olderkjær slo seg saman til Sunde Bakeri i 1975 følgde han med. Seinare kjøpte han heile verksemda og flytta den til Teigen etter ei stund. Han bur i Geilovegen på Valen.

Jan har hatt fleire fritidssyslar og no ser han fram til å stå på som fiskar i Høylandssundet. Han var ein sentral spelar både på Ternen og Trio.

Med unntak av ei veke har han ikkje hatt ferie sidan 1995. Sjølv om han har hatt sonen med seg i bakeriet har det vore eit hektisk liv.

På biletet over står han saman med Kari Ljosnes i SPAR i Uskedalen i samband med lanseringa av uskedalsbrødet.

Foto: Ola Matti Mathisen